



Dalen i Sentrum

Organ for eit balansert dalføre – nr 16. desember 2008

Mat, juletre og blomar. Dette er sikre ”kort” som folk må ha til jul. Ved Jokerbutikken på Brunstad finn ein det meste innan mat. Kanskje når omsetninga 5 mill. kroner dette året..... om handelen vert god no i innspurten. Rett nok går der ei grense for kor mykje mat eit menneske bør stappe i seg, men vi skal i alle fall minne om når du kan finne opa dør ved butikken.

10.00-18.00: Til og med laurdag 19. desember

10.00-20.00: Måndag 21.desember og tysdag 22.desember

10.00-12.00: Onsdag 24.desember (julaftan)

10.00-14.00: Romjula



Juletre. Jon Hole har juletre – fine tre i ulike storleikar veks på Hølen i Velledalen. Både edelgran og vanleg gran. Du kan få hogge sjølv (kr 200,-) eller hente eit tre som alt er hogd (kr 250,-). Ring Jon for avtale – tlf. **70 25 14 95 – 959 13 264.**

Blomar kjøper vi hjå Holmbergs gartneri i vår eigen kjære dal. Dei er størs på asalea mellom Bergen og Trondheim, og er elles kjende for sær god kvalitet på produkta. Opningstider i gartneriet:

09.30 -19.00: Torsdag 18. og fredag 19.desember

09.30 – 16.00: Laurdag 20.desember

09.30 – 19.00: Måndag 22.og tysdag 23.desember

09.30 – 12.00: Onsdag 24.desember

Stengt i romjula, men ta kontakt om du treng noko, heiter det frå Holmbergs gartneri.



Skuleavslutning: Torsdag er det skuleavslutning ved Velledalen skule. Gjennom år med sterke prestasjonar frå scena har lærarar og elevar skapt eit produkt alle velledalingar lovprisar.

Avslutningsfesten er open for alle, og ein treng ikkje tvile på at det vert trangt om plassane. Ei skikkeleg sosial godstund for gamal og ung, med start klokka **17.30.**

Velledalskoret har gjort det til tradisjon med julenattiné i Sykkylven kyrkje. Laurdag 20.desember (om kvelden) er det berre å gløyme alt som ikkje er gjort og alt som gjerast skal. Vi tør love at du ikkje vil angre. Konserten startar klokka 22.00, og med ei velledalstaus (Astrid Drabløs) som dirigent.

Smånytt frå nettsida. Mange eldre les ikkje [www.velledalen](http://www.velledalen.net) .net. Difor tek vi med eit par saker som der har vore på prent. Jens Peter Brunstad (son til Turid og Jon P. Brunstad) har vorte ny fabrikkseier for Brunstad AS sine tre fabrikkar. Han rykte opp frå seljarjobb i same firma.

Velledalingane tviheld på gravarjobben ved Sykkylven kyrkjegard. Etter 15 år (og kring 1000 graver) med Petter Velle som sjef, er arbeidet no sett vekk til firmaet Hageservice, som Geir Helge Grebstad står bak. Han har med seg Tore Gjersrud som kompanjong.

Helselagshistorikk. Som vi tidlegare har skreve, er ikkje rekrutteringa til Velledalen helselag den aller beste for tida. No skal vi ta dykk med 70 år tilbake i tida, til helselagsbasaren i 1939, då det verkeleg var dreis over laget. Den gongen hadde laget 32 aktive medlemmar. Lista nedanfor er lånt ut av Margit Fet.

Til helselagsbasaren 1939:

Anna Hole og Lina Hole: Kaffiduk i ubleikt lerett

Kari Alnes og Tomasine Velle: Kaffiduk i lin

Hjørdis Grebstad, Vida Brunstad og Kassi: Kjøkkensett 3 deler

Lolle, Borghild, Mia: kjøkkensett 2 deler

Jonni, Gunhild, Agnes: Toilettsett

Åsta Brudevoll: Grøn løpar, strameipute

Berte Velle: Kvit løpar

Tordis, Borghild, Hanna: Sengeteppe

Åsta, Anna: Småputer

Solfrid, Solveig Bjørke: Småputer

Anna Velle: Sofapute

Anna Drabløs: Skureklutpute

Hulda Flem: Løybenk

Jenny Vikstad: Løybenk

Sara, Laura: Lusekufte

Agnes, Gina: Pullover

Ingrid: Forkle

Berta: Forkle



God Jul. Då dette er nest siste utgåva av Dalen i Sentrum dette året, men siste før jul, er det på sin plass med ei lita julehelsing.

Ei velsigna høgtid, fri frå stress og mas, ynskjer vi dykk alle. Og ein ekstra varm tanke, sender vi alle som sit åleine, dei som slit med sjukdom eller er tyngde av sorg.. La vi ikkje gløyme slike i vår eigen overflod og egoisme, vi som er friske, lukkelege og velfødde. God Jul !!

Atle Jomar Hole

This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.
This page will not be added after purchasing Win2PDF.